



Formannskapet har vore på synfaring på AFA og no får kommunen søknad om auke av driftstilskotet. Her orienterer dagleg leiar Tor Vidar Sæle ordførar og varaordførar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dagleg leiar Tor Vidar Sæle ved AFA har no søkt kommunen om auka tilskot med minst fem prosent (152.000 kroner) – til minst 30 prosent med verknad frå 1. januar i år.

Kommunen gjev no tilskot med minste sats på 25 prosent av statleg tilskotsbeløp og det er over fem prosent mindre enn landsgjennomsnittet som er litt over 30 prosent.

AFA er ein VTA-bedrift med tilbod til personar (for tida 27) som ikkje kan få arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden. Dei får arbeidsoppgåver tilpassa den einskildes yte-evne. Tiltaket er retta mot dei som har eller i nær framtid ventast å få innvilga varig uførepensjon og som har trong for særleg tilrettelegging og tett oppfølging.

Det blir ytt driftsstønad frå Staten til VTA-bedrifter i form av ein fast sats pr. godkjend plass for yrkeshemma. I tillegg skal det ytast kommunal medfinansiering og Kvinnherad kommune har sidan AFA starta tidleg på 1990-talet lege på minstesatsen.

Kvart år foretek Staten ein regulering av tilskotet og auken har som regel vore frå ein til tre prosent. Frå 2007 til 2008 var auken 1.1 prosent. Kommunen følger etter med sin faste presentsats. For dette året fekk AFA ein auke av driftstilskotet frå Staten på 32.238 kroner og frå kommunen på 8.060. Når ein veit at resten av samfunnet har hatt ein generell auke på frå fire til sju prosent, blir det på sikt eit stort hol i økonomien til statlege VTA-bedrifter.

Fleire år med låg oppjustering av statleg driftstilskot har ført til ein strammare og strammare økonomi for AFA. For å oppvega denne utviklinga må dei på sikt auka produksjonen/inntjeninga og det kan gå utover dei svakaste

arbeidstakarane.

- AFA er ein unik bedrift som har tid og råd til å ta vare på yrkeshemma i samfunnet. Vi kan vera med på å utvikle ressursar hos arbeidstakarane slik at dei kan produsere varer og tenester. Dette må vi kunne ta vare på slik det er i dag, held dagleg leiar Sæle fram..

Av Ola Matti Mathisen